



Seglingsprogram

1. Reglar

ISAF's kappseglingreglar 2013-2013 (RRS), NSF's lisensreglar, aktuelle klassevedtekter, aktuelle klassar sine rankingreglar, Hordaland Seilkrets KM-reglement for Eintypeklassar og seglingsprogrammet for RAN Eintype Regatta.

2. Tryggleik, ansvar og forsikring


Regattaen er underlagt tryggleikskategori 5. Det er ein ufråvikeleg føresetnad at arrangøren eller nokon av foreininga sine funksjonærar, ikkje kan gjerast ansvarleg for nokon skade som rammar person eller eigedom under, eller i samband med kappseglasen.

Skipper på kvar enkelt båt har åleine ansvar for å avgjere om båten skal starte eller ikkje, eller om han skal halde fram med å kappsegle eller ikkje. Det vert tilrådd på det sterkaste å bruke redningsvest eller anna personleg flyteplagg under kappseglasen.

Kvar deltakande båt skal vera forsikra med gyldig ansvarsforsikring.

3. Meldingar til deltakarane

Eventuelle endringar i seglingsprogrammet vert kunngjort på regattaen sine nettsider og ved oppslag på den offisielle oppslagstavla på Klubbhuset ved steinamfiet seinast klokka 09.00

same dag som dei trer i kraft. Dette vert signalisert med signalflagg V  på flaggstonga på Klubbhuset i Anglevik. Utskrift av endringane kan då hentast på regattakontoret.

Unntak: Eventuell endring i tidsprogrammet for kappseglasane vert kunngjort på regattaen sine nettsider og ved oppslag på oppslagstavla, seinast klokka 2000 dagen før endringa trer i kraft.

Det vert romannsmøte som ein del av programmet fredag kveld i Klubbhuset.

4. Tidsprogram for seglasane







Laurdag 28. september

Fyrste varselsignal vert gitt kl. 10.00. Det vert segla inntil 6 løp. (I pausen mellom to av løpa vert det start for RAN Seilforening sitt klubbmesterskap for T/H frå startlinja til RAN Eintype Regatta. T/H-båtane seglar på faste merker i Hjeltefjorden med målgang i Anglevik.) Det vert ikkje gjeve varselsignal etter klokka 16.00.

Sundag 30. september


Fyrste varselsignal vert gitt kl. 10.00. Det vert segla inntil 4 løp. Det vert ikkje gjeve varselsignal etter klokka 14.30.

5. Klasseflagg og startrekkefølge


Klasse	Start nr.	Klasseflagg
2,4 M	1	D 
Yngling	2	E 
Express	3	F 
Melges 24	4	G 
F 18	5	J 
Tur/hav	Mellom to av løpa på laurdag 28. september, dvs. ca. kl. 1200	K 

6. Baneområde

Seglasane går føre seg i baneområde 1, området mellom Rotøyane og Skorpo, med baneområde 2, Hauglandsosen som reservebane. Vis varsemd for skipstrafikken ved kryssing av skipsleia på veg til og frå baneområde 1 og 2!



7. Banetype, løpsskildring og bøyer



Flagg for banetype og løpsskildring vert vist seinast ved varselsignal.



2



Talstander 0

Raskare båtklasser:
Start-2b-port-2b-mål



1

Seinare båtklasser:
Start-1b-port-1b-mål


Gul sylinder bøye 1,5 x ø 0,9 m





Raud rund bøye ø 0,7 m



Bane 2




Talstander 3



Start/port/mål

Flagg for banetype og løpsskildring vert vist seinast ved varselsignal.



2



Talstander 0

Raskare båtklasser:
Start-2b-port-2b-mål



1

Seinare båtklasser:
Start-1b-port-1b-mål


Gul sylinder bøye 1,5 x ø 0,9 m




Raud rund bøye ø 0,7 m



Bane 3



Port/mål



Talstander 5



Start



Flagg for banetype og løpsskildring vert vist seinast ved varselsignal.

8. Endring av neste legg

For å endra neste legg av løpet, vil regattakomiteen handla i samsvar med regel 33, flytte det opphavslege merket/mållinja til ein ny posisjon, eller leggja eit nytt merke/mållinje lik det opphavslege og fjerna det originale merket så fort som mogleg.

9. Maksimaltid

Maksimaltid for kvar seglas er 90 minutt for fyrste båt i kvar klasse. Båtar som ikkje går i mål innan 20 minutt etter den fyrste båten i sin klasse vert notert som DNF. Dette endrar reglane 35 og A4.

10. Poengsystem

Lavpoengsystemet i Appendiks A vil bli nytta.

Dersom det vert gjennomført 1-3 løp vil alle løpa telja i ein båt sitt samanlagresultat.

Ved 4-7 gjennomførte løp vert det dårlegaste resultatet stroke frå samanlagresultatet.

Ved 8-10 gjennomførte løp vert dei to dårlegaste resultatata stroke frå samanlagresultatet.

11. Regattakontor og protestar

Regattakontoret er i det nye klubbhuset til Ran Seilforening og har fylgjande opningstider:

Fredag 28. september: 18.00–19.00

Laurdag 29. september kl. 08.30–09.00

Sundag 30. september kl. 08.30–09.00

Etter seglasane er regattakontoret ope til ein time etter protestfristen. Fristen for å protestere er 30 minutt etter at komitébåten kjem til kai i Anglevik. Det vert sett opp oppslag om nøyaktig protestfrist på oppslagstavla. Protestar skal leverast skriftleg på regattakontoret.

Meldingar om innkomne protestar vert slått opp på den offisielle oppslagstavla, tilliks med informasjon om når høyring vil skje. Høyringar vil skje i Ranheim.

12. Premiering

Premieutdeling finn stad i Anglevik så snart som råd etter at sundagens seglasar er avvikla og eventuelle protestar handsama. Det vert 1/3 premiering til kvar båt i kvar klasse. Skipper og mannskap på dei tre beste båtane i kvar gyldige KM-klasse får medalje i gull, sølv og bronse.

Resultat og multimedia vert fortløpande publisert på regattaen sine nettsider.

Sjå elles invitasjonen og regattaen sine nettsider for informasjon om parkering, sjøsetjing, hamn, overnatting og sosialt program.

Spørsmål kring regattaen kan rettast til regattasjef Kjell Magnus Økland (95 04 67 39).

God seglas!

